

EU-oppdrag for Lønning

Rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar (HLB), dr. philos. Dag Jørund Lønning, er invitert til EU-hovudkvarteret i Brussel i sommar som ekspertevaluatør på EU-programmet Erasmus for Unge Entreprenørar (EYE).

Ådne Aadnesen

adne.aadnesen@bondebladet.no

Europakommisjonen, representert ved kommisæren for næringsliv og industri, står bak invitasjonen.

Dag Jørund Lønning er plukka ut frå ein stor internasjonal database av renommerte forskarar som arbeider med nyskaping, utvikling og innovasjon. Saman med andre internasjonale ekspertar, skal Lønning identifisera dei beste søknadane til programmet EYE, og såleis plukka ut dei heldige unge forretningsutviklarane som får tilbringa inn til seks månader som trainees i ei nyskaping bedrift i eit anna europeisk land. EYE er eit av dei viktigaste næringsutviklingsprogramma innanfor EU-systemet.

Lønning har takka ja til sommaroppdraget, og dreg til Brus-

sel i siste del av juni. Han er tilbake ved HLB på Særheim på Jæren etter ferien.

Lønning gler seg, og ser oppdraget som ei stor og spennande utfordring:

– For det første er det sjølv sagt svært kjekt og spennande å bli plukka ut til dette. Derest er eg spent på å bli betre kjend med EU sitt næringsutviklingsarbeid. Eg ser fram til å kunna byggja viktige nettverk og relevant kunnskap for det vidare forsknings- og utviklingsarbeidet med nyskaping og regional utvikling her heime. Norge er ikkje med i denne delen av det



EU-OPPDRAG: Dag Jørund Lønning skal til Brussel i sommar.

europeiske samarbeidet, men me vil truleg ha mykje å læra av ei satsing der entreprenørar får

møtast over tid på tvers av kulturskilnader og landegrensar, seier Lønning.